

Fekk gjennomslag for dagmøte - til hausten



RONG: Aud Karin Oen (bilete) er den einaste kommunesty-
rerepresentanten i Øygarden
som sit på fylkestinget. Ho
har lenge kjempa for at kom-
munestyra skal avviklast på
dagtid. Dette fordi ho trur
fleire kvinner og småbarns-
foreldre vil satsa på lokalpo-
litikken når ein får kveldane
fri til born og fritid.

Ordførar Olav Martin Vik
(TVØ) varsla allereie innlei-
ingsvis i saka at han hadde
eit flammande innlegg om
akkurat dette temaet. Han
foreslo at ein ventar til neste
periode, og let det nye kom-
munestyret bestemma sine
eigne møtetider.

Det sitjande kommune-
styret var samde i forslaget,
og vedtaket enda med at ein
skal ha dagmøte frå neste
periode, men at det er dei
nyvalde frå kommunevalet
til hausten som tar den ende-
lege avgjerda.

KAI SVELLINGEN-FLATEKVÅL

kai@vestnytt.no

56 33 65 01